



Seks polakkar i Helgheim: Frå venstre Barbara Bednarska, Agnieszka Zmyslona, Mojciech Zmyslony, Tomasz Bodeq, Tomasz Skotmicki og Katazyna Lason. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Vi treng dykk! Dette var budskapet både frå ordførar Synnøve Solbakken og dagleg leiar i KvinnheradNæringssservice Karin Thauland under møtet med og for våre nye sambygdingar i Helgheim tysdag kveld.



Initiativtakar og møteleiar Magne Huglen saman med den polske tolken Luiza Ledwig. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Omtrent halvparten av dei 50 som møtte var frå Polen og Litauen og møtet må karakteriserast som svært vellukka. Det er truleg første gong det er halde eit slikt treff i kommunen.

- Dette var eit godt og verdfullt møte, var til dømes konklusjonen til Jengita Saule frå Litauen, Ho har voreuskedeling i to år og står sentralt i firmaet Didele Seima som gjer omtrent alt med omsyn til oppussing av hus. No er det under registrering som norsk selskap..



Jente (4 år) og Jengita Saule var engasjerte deltakarar i Helgheim-møtet (Foto: Ola Matti Mathisen)

Dei nye sambygdingane fekk ein svært stor dose informasjon om dei mange tilboda i kommunen og Uskedalen. Uskedalen Utvikling ved initiativtakar Magne Huglen stod som arrangør og han var også ein sikker møteleiar godt assistert av dyktige tolkar frå Polen og Litauen – Luiza Ledwig og Raimonda Mikutyte..

- Vi i Kvinnherad og Uskedalen er svært glade for at dykk har kome hit. No har vi eit ønskje om å få dykk meiremed i det sosiale liv i bygda, sa Huglen og ordføraren streka under det same: - Det er flott å ha dykk her og vi har bruk for dykk. Kommunen har eit stort ansvar med omsyn til integrering. Vi ønskjer at dykk skal trivst og få familie og vener i Kvinnherad, sa ordføraren som mellom anna lova eit betre busstilbod.
- Men det er like viktig at dykk kjem til oss og peikar på kva som er bra og kva som kan blir betre, sa ho og la tildette spørsmålet:
- Kanskje nokon også vil engasjera seg i politikken?

Rekka av informantar var lang:

- * Elisabeth Croles orienterte om Vaksenopplæringa og sa det slik: - Aller viktigast er det å læra norsk slik at dykkkan bli integrert og få interessante jobbar.
- Croles fortalde at folk frå 28 nasjonar no får undervisning og oppmoda næringslivet om å investera i norsk-kurs. *
- Kultursjef Kristian Bringedal, som også spela trekkspel til serveringa, opplyste at biblioteket også har bøker på polsk og litauisk og han oppmoda sang-glade om å melda seg inn i "Røysterett for alle".
- * Arild Berg frå NAV orienterte om eit tilbod som varar frå vogge til grav.
- * Gunnar Våge og Kirsti Rød Bråtun gjorde greie for tenestene til Sparebank 1 Kvinnherad.
- * Lensmann Sigurd Børve oppmoda våre nye sambygdingar om ikkje å nøle med å orientera politiet hvis deimøter problem.
- * Jon Harald Kjærland gav ein oversikt over det som går føre seg på bedehuset.
- * Magni Tråvik tok for seg ungdomslaget og skulemusikken og lova "gratisbillett" til ungdomslaget for dei som kanbidra med noko – til dømes folkedans.

* Det vart også gitt opplysningar om idrettslaget sine tilbod og Kjell Yri gjorde greie for turmogelegheitene. .

- I dei siste åra har det kome mange flotte menneske utanfrå til Uskedalen og eg er glad for å ha vorte kjend med dei. No vil eg oppmoda folk i Uskedalen til å ta meir kontakt med dei nye sambygdingane. Vi må vera meir saman, var konklusjonen til Magne Huglen som har vore ein entusiastisk banebrytar for det krevjande omgrepet integrasjon.

Av Ola Matti Mathisen